

23.01.2011

Bra start for swing i Helgheim



Vel 20 kom til den første swingkvelden

Eiin bra begynnelse, var karakteren som vart sett av ein av dei vel 20 danseglade som møtte fram til swing-kveld i Helgheim i kveld.

Berit Harriet og

Ivar Kåre Døssland tok initiativet til den uformelle dansekvelden, og fekk klapp og rosande ord for initiativet.

Dei som kom var frå store deeler av Kvinnherad, slik målsettjinga var. Det kom folk frå både Sunde, Husnes, Rosendal og Omvikdaln.

Ivar Kåre streka i velkomst-talen sin under at arrangementet var meint å vera 'veldig utformelt' og streka under at det ikkje var gjort store førebuingar.

-Her er hovudhensikten at vi skal hyggja oss, dansa og svetta, sa han og varsla at opplegget kan bli justert hvis det er ønskjeleg. Det kan skje i samband med ei matøkt når kvelden er omrent halvvegs. Utpå vårparten blir det kanskje ein fest med levande musikk.

Denne første kvelden tok dei danseglade det relativt roleg og prata nesten like mykje som dei dansa. Dermed oppfylte dei den andre målsettjinga, som er at dette også skal vera eit sosialt treff. Og dei innfridde oppmodinga til Oppland-bandet Sogns som var først ut og som sa det slik:

- Vil du vera med å heng på, vi skal kose oss i kveld.

Repertoaret den første kvelden var ikkje overraskande prega av at dansebandtradisjonen er særleg sterkt østover mot svenskegrensen. Neste swingkveld er sundag om to veker. Dansen startar klokka 19.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gerd og Per Hjelmeland frå Omvikdalen svingar seg